

NIKUs innspel til den nye Kulturminnemeldinga

1.2.2019

Samanfatning

NIKUs ønskjer at ei framtidig kulturminneforvaltning

- har høg legitimitet – noko positive verkemiddel gir
- interagerer godt med andre sektorar – ønskjer systematiske tiltak
- har tydeleg fokus på mangfald
- har ei heilskapleg tilnærming til materielle og immaterielle kulturminne
- tydeleg viser korleis kulturarven er samfunnsbyggjande
- vidarefører bevaringsprogrammodellen etter revisjon– med eit nytt program for mellomalderkyrkjer i stein

NIKU kan bidra på fleire måtar

- NIKU bed om at instituttet beheld og får utvikla rolla si som eit sentralt ressurs- og kompetansesenter i det nye forvaltningslandskapet.
- NIKU ønsker å, i samarbeid med kulturminneforvaltninga, svare på samfunnets forskingsbehov innafor kulturarvsfeltet
- NIKU har spesialisert kompetanse som bør nyttast av regionar, Sameting og kommunar i staden for å byggje opp tilsvarande og konkurrerende kompetansemiljø lokalt og regionalt.
- NIKU kan bidra til kunnskapsbasert forvaltning og har kompetanse på fleire heilt sentrale fagfelt.
- Det bør finnast ressursar i forvaltninga for å finansiere anvendte prosjekt med høg forvaltningsrelevans. Det kan gjerast både ved å sjølv initiere mindre forskningstiltak, eller ved å ha ressursar til å gå inn som partner i Forskingsrådets samarbeidsprosjekt. NIKU leverer gjerne på slike prosjekt.
- Det er viktig for NIKU og for legitimiteten til vedtaksarkeologien å realisere kjeldeverdiane av kulturminna i form av forskingspublisering.
- NIKU meiner engasjert formidling bør høyre til samfunnsoppdraget for kulturminneforvaltninga, og at slik forvaltning bør ta nye digitale format og plattformer i bruk.
- Digitale dokumentasjonsformat kan effektivisere forvaltninga, gje godt innhald til formidlingsarbeidet, og i nokre tilfelle vere ein måte å ta vare på kjeldeverdien til kulturminna i tilfelle der bevaring ikkje er mogleg å gjennomføre. NIKU kan levere kompetanse og tenester på feltet.

1. Ønske og mål for kulturminneforvaltninga framover

Ei ny kulturminnemelding er ei viktig hending for kulturminne, for kulturminneforvaltninga, for eigarar og for alle andre som bryr seg om kulturarven. Meldinga frå 2004-2005, *Leve med kulturminner*, fekk store og positive konsekvensar, ikkje minst galdt det dei nye verkemidla for bevaring. Meldinga frå 2012-2013, *Framtid med fotfeste*, hadde kanskje mest preg av nettopp fotfestet, meldinga representerte gjorde opp status, den sette ein fot i bakken på det tidspunktet.

Det nye meldingsarbeidet bør stake ut ny og offensiv kurs, og vi i NIKU vil her melde inn omsyn vi meiner er viktige i så måte.

NIKU ønskjer ei kulturminneforvaltning som har høg legitimitet i befolkninga. Kulturminna og kulturarv generelt er svært viktig for mange nordmenn, og i by og ulike lokalsamfunn er materielle og immaterielle kulturminne identitetsmarkørar, er utgangspunkt for lokalt kultur- og næringsliv og bidrar til livskvalitet. Forvaltninga bør agere på ein måte som gir legitimitet og haustar av denne generelle velviljen overfor saksfeltet. Positive verkemiddel bidrar til dette.

NIKU ønskjer også ei kulturminneforvaltning som interagerer godt med dei andre sektorane i samfunnet. I dei siste åra ser vi stadig betre kontakt mellom departement og sektorar, og mange pilotar og forsøk på samarbeid har vore svært vellukka. For å styrkje på tvers-samarbeid ønskjer NIKU fleire systematiske verkemiddel som legg opp til sektoroverskridande samhandling.

Vi er mange som meiner at den historiske miljødimensjonen, dvs. den materielle og immaterielle kulturarven er eit svært viktig aktivum for landet, og ei ny stortingsmelding bør offensivt adressere korleis kulturarven kan bidra til samfunnsbygging – i vid meining. Det er fleire og fleire som faktisk lever av kulturarv, vi tenkjer da på kulturarv-relatert næring, men vi er veldig mange fleire som lever *for* kulturarven, den gir ein kvalitativ dimensjon til folks liv. Den nye kulturminnemeldinga bør i større grad enn dei tidlegare leggje vekt på korleis desse opplevingsverdiane kan maksimerast.

Bevaringsutfordringane må adresserast i meldinga, og bevaringsprogrammodellen bør evaluerast, justerast, og vidareførast. Modellen har vist seg som eit effektivt instrument i å løfte vedlikehaldsnivået for viktige kulturminnetypar i Noreg, og fokuseringa har dessutan hatt viktige bieffektar for handverksutvikling og kompetansebygging. Eit nytt bevaringsprogram for mellomalderkyrkjer i stein er det kritisk viktig å få på plass.

2. For å oppnå desse overordna måla vil NIKU her spele inn korleis vårt forskingsinstitutt kan bidra

A. NIKU si rolle i det nye forvaltningslandskapet

NIKU er det einaste forskingsinstituttet som er oppretta og som blir styrt for å svare på behov frå kulturminneforvaltninga og andre med ansvar for kulturminne. Riksantikvaren som direktorat, fylka/dei nye regionane, Sameting og kommunane har ulik form for myndigheit, og det offentlege og private står som eigarar og forvaltarar av kulturminne. I dette landskapet er NIKU den instansen som skal syte for at dette forvaltningssystemet kan lene seg på eit kompetanse- og ressurscenter. Vårt oppdrag er å møte alle desse interessentane sine kunnskaps- og tenestebehov.

Det er viktig for NIKU å løfte fram og poengtere vår rolle i det nye forvaltningslandskapet som er i ferd med å byggjast opp etter oppgåvefordelinga til dei nye regionane. Det er ein risiko for at kvar region byggjer opp kompetanse internt, utan å gjere heilskapsvurderingar. I den nye arbeidsdelingsmodellen bør ein gjere samfunnsøkonomiske analysar og leggje dei til grunn når ein legg eit nasjonalt kompetansekart. NIKUs kompetanse og tenester skal etter intensjonen kunne nyttast av alle, men det føreset at ein ser heilskapleg på heile forvaltningssystemet, og gir føringar på kva for spesialkompetanse det er samfunnsøkonomisk lønsamt å kjøpe heller enn å byggje opp sjølve. Her bør KLD skissere føringar.

Vi vil peike på nokre fagleg tyngdepunkt som NIKU alt har, og der det ikkje vil vere formålstenleg å byggje opp konkurrerande kompetanse ute i regionane. Eitt opplagt døme som mange kjenner til, er

NIKUs kompetanse på konservering av kyrkekunst og interiør. Men fleire andre kompetanseområde er kanskje ikkje like kjent.

NIKU har til dømes landets breiaste og tyngste miljø innanfor by- og mellomalderarkeologi, og vi meiner at landet er godt tent med at ein held seg med eitt tungt fagmiljø på feltet. Eit anna døme er vårt kompetansemiljø på geofysikk og andre digitale utforsknings-, dokumentasjons- og formidlingsmetodar. Slike metodar krev tung kompetanse, kostbart utstyr og kontinuerleg utviklingsfokus. I ein nasjonal arbeidsdelingsmodell vil det ikkje vere berekraftig å tenkje seg at denne kompetansen blir bygd opp i alle regionane.

Eit fjerde døme er vår kompetanse på ulike endringsprosessar som innverkar på og endrar kulturarven, særleg effektar av klima, klimaendring og klimatilpassing. . Vi meiner det bør være eit fokus på miljøovervåking med ikkje-destruktive metodar som over tid kan vil bidra til å forstå sentrale utviklingstendensar, og slik utgjere grunnlag for tiltak og prioritering. Samtidig inneber dette ei kartlegging og dokumentasjon av gjenstandar, bygningar og tradisjonell ressursbruk som er i endring eller i ferd med å forsvinne. NIKU har kompetanse tradisjonell ressurs- og landskapsbruk, herunder på korleis tradisjonelle næringar tilpassar seg klimaendring og ulike forvaltingsregime. På heile dette vide klimafeltet har vi no eit veksande kompetansemiljø i NIKU, og vi utviklar det stadig ved forskning og gjennom praktiske prosjekt. Vi trur Noreg er svært godt tent med å ha og bruke eit sentralt ressurscenter på dette feltet. Til sist bør det nemnast at NIKU har og utviklar kompetanse på forvaltning og forvaltningsmodellar. For at Noreg skal få ei forvaltning som er prega av legitimitet, medverknad, relevans og sektorovergripande samarbeid, er det viktig å leggje kunnskapsbasert forskning og utvikling til grunn. Dette er altså ein kompetanse som ein no bør bruke offensivt når den norske kulturminneforvaltninga er i støypeskeia.

B. Kunnskapsbasert forvaltning

I Leve med kulturminner (2004-2005) var det eit eige kapittel om kunnskap. Dette kapitlet blir det viktig å reformulere og oppdatere i den nye meldinga. NIKUs rolle er jo å levere forskning, kunnskap og tenester for at ein i størst mogleg grad realisere idealet om ein kunnskapsbasert forvaltning. Viktige tema der det trengst kontinuerleg kunnskapsutvikling er for ein del alt nemnde, det gjeld klimapåverknad og klimatilpassing, forvaltningsmodellar og kulturminnepolitikk, digital metodeutvikling, samfunnsøkonomiske aspekt av kulturminneforvaltning og kulturminnevern, samanhengen mellom kulturminne og naturverdiar på den eine sida og immaterielle og materielle kulturminne på den andre sida. For kulturminnevernet er det også svært viktig med kunnskap om kulturminna i seg sjølve, herunder tradisjonshandverk, materialkunnskap, tradisjonell teknologi og bevaringsmetodar. På alle desse punkta kan og vil NIKU gjerne bidra framover.

C. Strukturelle føresetnader for å drive forskningsbasert kunnskapsoppbygging

Vi vil her leggje til noko om dei strukturelle føresetnadene for å byggje opp og levere slik kunnskap. Vi vil ta utgangspunkt i NIKU sin situasjon. Vi er oppretta som ei sjølvstendig privateigd stifting, og skal ikkje akkumulere fortjeneste på vår aktivitet. All kunnskapsbygging og forskning må vere finansiert. Ei avgjerande viktig finansieringskjelde for oss er KLD si basisfinansiering som blir kanalisert til kvart miljøinstitutt via Forskningsrådet. Denne basisfinansieringa utgjer no 12 % av inntektsgrunnlaget til NIKU, og er det fundamentet som all kompetansebygging, tenesteutvikling og forskning i NIKU kviler på. Behova for forskning og kunnskapsbygging er likevel mykje større enn det denne summen dekkjer. Større målretta prosjekt må vi søkje om ekstrafinansiering til, då først og fremst til Forskningsrådet, sjølv om andre mindre finansieringskjelder også finst som for eksempel Framsenteret sine forskningsmidlar, og Riksantikvarens mindre sum med fou-midlar.

Det er likevel eit gap mellom dei prosjekta som når opp i den harde konkurransen om midlar frå Forskningsrådet og prosjekta som mange etterlyser, no seinast på Innspelskonferansen til Kulturminnemeldinga i Oslo 24.1.2019. Behova som blir formulert gjeld primært forskning som er ganske konkret og i stor grad anvendt, men Forskningsrådet favoriserer nødvendigvis ikkje denne typen forskning. NIKU støttar sjølvstendig Forskningsrådet sitt kvalitetsarbeid på vegner av norsk forskning, og arbeider for å realisere prosjekt som held dette kvalitetsnivået. Vi ser likevel at dei mest konkrete og anvendte forskingsprosjekta som forvaltninga og andre etterspør, ofte ikkje blir realiserte med Forskningsrådet som finansieringskjelde.

Som supplement til Forskningsrådet trengst difor låg-terskel-midlar til mindre konkrete prosjekt. Riksantikvaren sine fou-midlar er døme på slike midlar, men dei har blitt redusert år for år, og er vanskeleg å oppretthalde i ein pressa økonomisk situasjon for Riksantikvaren. NIKU vil understreke at slike midlar er svært viktige for å få realisert målet om kunnskapsbasert forvaltning, og i den nye forvaltningsmodellen bør også regionane og andre instansar få styrkt sine moglegheiter til å bestille anvendt forskning og utgreiing i sine budsjett.

Forskningsrådet har no etablert ein eigen programkategori på samarbeidsprosjekt for samfunnsutfordringar og næringsutvikling. Programma som inngår her, er bl.a. oppretta for at forskingsprosjekt i større grad skal skreddarsyast for t.d. forvaltninga sine behov. Frå vår side er det då avgjerande viktig at det i forvaltninga finst ressursar og incentivordningar for å nytte ut det moglegheitsrommet som Forskningsrådet her har laga.

D. Viktig å realisere kjeldeverdiane

Kulturminna har mange slags verdi. I Kulturminnelovens formålsparagraf er verdien «som vitenskapelig kildemateriale» nemnt først. I dei siste åra har andre verdier fått større fokus, enten det no er identitetsbygging, verdiskaping eller oppleving. Men på eitt felt har tradisjonelt kjeldeverdiane vore overordna, og bør framleis vere det. Det gjeld dei arkeologiske kulturminna. Vedtaksarkeologien ville berre vere ein samfunnsøkonomisk utgiftspost om det ikkje var for kjeldeverdiane dei bortgravde arkeologiske kulturminna representerer. NIKU ser at legitimiteten til kulturminneforvaltninga heng på at kjeldeverdien til dei arkeologiske kulturminna som blir fjerna, faktisk blir realisert. Erfaringane frå dei store bygravingane dei siste åra underbyggjer dette. Når det no blir bygd eit museum over Clemenskirken i Trondheim, er det uttrykk for ei offentleg vilje til å gje noko tilbake til ålmenta. Men det finst rimelegare måtar å realisere slike verdier på enn å byggje museum. For NIKU er det aller viktigast at det offentlege tar ansvar og lagar finansieringsmodellar slik at vi og andre kan ta ut dei arkeologiske kjeldeverdiane i forskning og publikasjonar. Denne typen forskning er den viktigaste måten å byggje legitimitet og entusiasme rundt vedtaksarkeologien på.

E. Engasjert formidling

I den framtidige kulturminneforvaltninga er god og engasjert formidling ein nøkkel for å sikre legitimitet, velvilje, synlegheit og politisk relevans. Slik høyrer det på avgjerande måte til forvaltninga sitt samfunnsoppdrag. Engasjert formidling og offensiv utnytting av ulike digitale format for formidling vil vere ein framtidig suksessfaktor for kulturminneforvaltninga. Riksantikvaren bør ha ei sentral rolle her, men NIKU har også eit høgt fokus på dette feltet, og vi vil og kan gjerne bidra til at kulturminneforvaltninga har godt digitalt innhald å dele.

F. Digitale dokumentasjonsmetodar

Engasjert formidling heng intimt saman med dei nye digitale dokumentasjonsformata som NIKU har hatt høgt fokus på dei siste åra. Det gjeld sjølvsagt geofysisk kartlegging, men også laser- og lidarskanning, 3-D-modellering, fotogrammetri mm.

Vi meiner denne typen dokumentasjon bør utnyttast meir målretta i kulturminneforvaltninga. Om det er kjeldeverdien som er det viktigaste ved eit kulturminne, og om bevaringskostnadene er svært høge og brukspotensialet tilsvarande lite, er eit grundig dokumentasjonsprosjekt eit godt alternativ til fysisk bevaring. Dette ser vi heilt klart i dei arkeologiske prosjekta, men også for bygningar, anlegg og landskap kan digitale dokumentasjonsmetodar fylle ei viktig rolle. Det gjeld ikkje berre for å sikre kjeldeverdiane, men også for å kunne drive meir effektiv forvaltning og i siste instans for å kunne formidle betre.